



**Styre:** Universitetsstyret

**Styresak:** 59/18

**Møtedato:** 31.05.2018

**Dato:** 16.05.2018

**Arkivsaksnr:** 2013/8572

---

## Årsrapport for På Høyden 2017

---

### Henvising til bakgrunnsdokumenter

- Styresak 48/17 Årsrapport for På Høyden  
<https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/us2017-048.pdf>

### Saken gjelder:

Det følger av mandatet for styret for På Høyden at avisen årlig skal avgi rapport om virksomheten til universitetsstyret (sak 54/11)<sup>1</sup>.

På Høyden har hatt en økning i sidevisninger på 46 % fra 2016 til 2017. Tallet på brukere har steget med 56 %. Det er de lokale sakene som blir mest lest. Størst engasjement har sakene om åpne kontorlandskap skapt. I 2016 fikk avisen midler fra Fritt Ord for å drive journalistikk på den norske SFF-ordningen. Det resulterte i ca 25 saker våren 2017.

Avisen deltar aktiv i et samarbeid mellom norske redaktørstyrte universitets- og forskningsmedium. Khrono har lansert et ønske om å ta en nasjonal posisjon. På Høydenstyret har vært positiv til mer nasjonalt samarbeid, men med et klart ønske om at forskingsuniversitet som UiO og NTNU må være med på dette.

### Forslag til vedtak:

Universitetsstyret tar årsrapporten for På Høyden 2017 til orientering.

Kjell Bernstrøm  
universitetsdirektør

16.05.2018/Mona Viksøy

Vedlegg:

---

<sup>1</sup> <http://www.uib.no/filearchive/2011-054.pdf>

# Årsmelding På Høyden 2017 - Kraftig trafikkauke

## Trafikk

Talet på brukarar har stige med 56 prosent, frå 162 000 i 2016 til 254 000 i 2017. På Høyden hadde 46 prosent fleire sidevisningar i 2017 enn året før: Frå 1 031 000 til 1 502 000. Veksten er større enn hos både Universitetsavisa (6 %) og Khrono (35 %).

Tilsvarande tal for Universitetsavisa ved NTNU er 515 000 unike brukarar, og 3,4 millionar sidevisningar. Khrono hadde i fjor over 600 000 brukarar, og i underkant av 2,9 millionar sidevisningar. Der verkelege trafikkmaskina i sektoren er likevel forskning.no, med over 27 millionar sidevisningar i løpet av eitt år.

Trafikken til På Høyden var i 2017 fordelt på 662 000 økter, ei auke på 33 prosent året før. Øktene er i snitt 11,28 prosent lengre (2:48), og talet på sidevisningar per økt har auka med 9,28 prosent, til 2,27 sider per økt.

## Saker og engasjement

Eit vidt spekter av saker engasjerer lesarane av På høyden: Forsking, saker om arbeidsvilkår og anna ved UiB, om sektoren generelt, og personstoff.

Debatten om opne kontorlandskap har nådd særleg langt ut, truleg fordi det eit fenomen som gjeld særleg mange, både i offentleg og privat sektor. Den aller mest leste saka i fjor var [Overlegen leste all forskning om åpne landskap. Han fant bare helseskader og produktivitetstap](#),<sup>i</sup> med over 60 000 sidevisningar. For ei slik sak står facebook for meir enn halvparten av trafikken, mens resten kjem av direkte oppslag, søk eller lenking på nettet. Også ei rekke andre sake rom opne kontorlandskap har engasjert, og blitt godt lest, inkludert saka om universitetsdirektør Kjell Bernstrøm, som [trivst best i åpne landskap](#)

Saker om personar er òg godt lesestoff: Dødsfallet til Frank Aarebrot var det mange som ville lese om, kven som var med på det [nye rektorlaget til Dag Rune Olsen](#)<sup>iii</sup> før valet våren 2017, og kven som stiller til val som dekanar og andre verv.

Debattsaker og redaksjonelle artiklar blir lesne om kvarandre: [Innlegget er Ståle Pallesen trakk seg](#)<sup>iv</sup> som kandidat til jobben som ny instituttleiar for klinisk psykologi er blant desse.

Det meir kuriøse kan og vere interessant for mange: Saka om [krangel om tolkinga av ein skråstrek](#)<sup>v</sup> blei òg mykje lest, og det same gjeld saka om at vikingane brukte undertøy av lin.

Debatten om flytting av Institutt for klinisk psykologi og tilsetjingar av instituttleiar der er òg saker om konflikter som har blitt mykje lesne.

Trass i at På Høyden samarbeider med Universitetsavisa, Khrono, Uniform, forskning.no og Høgskolen i Moldes Panorma er det dei lokalt produserte sakene som blir mest lesne. Stoffet som er levert av dei andre redaksjonane kjem ikkje opp på topp 50-lista til På Høyden for 2017.

Våren 2017 publiserte På Høyden kring 25 saker som ei journalistisk evaluering av den 15 år gamle SFF-ordninga. Historiene om sentra som lukkast og mislukkast, suksessfaktorar, vegen vidare for sentra og ordninga er nokre tema som har blitt belyst. Redaksjonen fekk noko støtte frå Fritt Ord for å gjere arbeidet, og har fått sær gode tilbakemeldingar på det ressurskrevande arbeidet.

## Ressursar

På Høyden hadde i 2017 eit budsjett på 2,855 mill. kroner. Rekneskapen viser eit positivt avvik å 39 000 kroner.

Redaksjonen har tre fast tilsette. Ida Bergstrøm slutta i si stilling som journalist i desember 2017, og blir erstatta av Njord Svendsen i mars 2018.

## Strategi

På Høyden har i dag denne føremålsparagrafen:

*«På Høyden skal vere ei avis for Universitetet i Bergen (UiB), der hovudmålgruppa er tilsette ved UiB. Den redaksjonelle verksemda skal vere forankra i UiB sine grunnleggande verdiar slik dei er nedfelte i Universitets- og høgskulelova og i strategien til UiB. På Høyden skal bidra til å synleggjere ulike sider ved verksemda til universitetet innanfor undervisning, forskning og formidling, samt fremje meningsutveksling og fri debatt. På Høyden skal søkje eit journalistisk perspektiv i tråd med ideala til den frie pressa.»*

Det følgjer av føremålsparagrafen at tilsette ved UiB er hovudmålgruppa, noko som avgrensar noko På Høyden sitt høve til å skrive for heilt andre grupper, til dømes tilsette ved andre institusjonar, og i noko grad studentar. Hovudfokus skal dessutan vere på verksemda til universitetet.

Dette har likevel ikkje hindra På Høyden å ha ein noko regional strategi dei siste åra, ved å skrive om instituttsektoren i Bergen og til dels på Vestlandet, samt andre akademiske institusjonar i regionen, og då særleg Høgskulen på Vestlandet. Aktiviteten innan forskning og utdanning i omgjevnadane til UiB vil og vere av interesse for tilsette ved UiB, på linje med nasjonal politikk eller viktige internasjonale saker i sektoren.

Khrono har lansert eit ønskje om å ta ein nasjonal posisjon. På Høyden-styret har vore positivt til meir nasjonalt samarbeid, men med eit klart ønskje om at forskingsuniversitet som UiO og NTNU må vere med på dette. Det er venta at lesarane ved UiB har meir felles interesser med tilsette ved forskingsuniversiteta enn ved høgskular og profesjonsuniversitet.

Styret for På Høyden:

Jan Heiret (leiar), Marion Solheim, Nina Kristiansen og Eirik Holmøyvik

---

<sup>i</sup> <http://pahoyden.no/2017/10/overlegen-leste-all-forskning-om-apne-landskap-han-fant-bare-helseskader-og>

<sup>ii</sup> <http://pahoyden.no/2017/09/kjell-trivst-best-i-opne-landskap>

<sup>iii</sup> <http://pahoyden.no/2017/01/her-er-dag-rune-sitt-ektorlag>

<sup>iv</sup> <http://pahoyden.no/debatt/2017/06/trekker-seg-fra-omstridt-tilsettingsprosess>

<sup>v</sup> <http://pahoyden.no/2017/10/skrastrek-forte-til-strafferunde-i-ansettelsessak>